

Langrennkomiteen@

Sakshand.: IN/OL

Dato: 24.09.2018

Arkivk.: lk/møter/innkalling/17-19

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I LANGRENNSKOMITEEN, 2017-2019

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Måndag 24. september 2018, kl. 18.00-21.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

- |                     |  |
|---------------------|--|
| <b>SAK 34 17-19</b> | Godkjenning av innkalling og sakliste                      |
| <b>SAK 35 17-19</b> | Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 fra langrennkomiteen |
| <b>SAK 36 17-19</b> | Referat fra Vårmøtet 14. mai 2018                          |
| <b>SAK 37 17-19</b> | Protokoll fra møte nr. 03 i Skikrinsstyret                 |
| <b>SAK 38 17-19</b> | Protokoll fra møte nr. 04 i Skikrinsstyret                 |
| <b>SAK 39 17-19</b> | Protokoll fra møte nr. 05 i Skikrinsstyret                 |

#### RAPPORTERING

- |                     |                                  |
|---------------------|----------------------------------|
| <b>SAK 40 17-19</b> | Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018 |
|---------------------|----------------------------------|

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- |                     |   |
|---------------------|---|
| <b>SAK 41 17-19</b> | Terminliste 2018-2019                   |
| <b>SAK 42 17-19</b> | Breiddesamlingar 12-16 år               |
| <b>SAK 43 17-19</b> | Nasjonale renn og meisterskap 2018-2019 |
| <b>SAK 44 17-19</b> | Handlingsplan 2017-2019                 |
| <b>SAK 45 17-19</b> | Sogn og Fjordane-leikane                |
| <b>SAK 46 17-19</b> | Krinslaga i langrenn 2018-2019          |
| <b>SAK 47 17-19</b> | Status markedsarbeid i langrennkomiteen |
| <b>SAK 48 17-19</b> | Sakliste Haustmøtet, 27. oktober 2018   |

#### ORIENTERINGSSAKER

- |                     |                    |
|---------------------|--------------------|
| <b>SAK 49 17-19</b> | Team Veidekke Vest |
|---------------------|--------------------|

#### EVENTUELTT

---

**TIL STADES:** Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Tor Arne Hov, Adrian Helgheim og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Anne Lilleaasen

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER****SAK 34 17-19****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 35 17-19****Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 fra langrennsskomiteen****Bakgrunn**

Protokoll nr. 03 17-19 fra langrennsskomiteen er sendt ut tidlegare for godkjenning. Denne finn ein også vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen godkjenner protokoll nr. 03 17-19.

**SAK 36 17-19****Referat fra Vårmøtet 14. mai 2018****Bakgrunn**

Referat fra Vårmøtet er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen tek referatet til orientering.

**SAK 37 17-19****Protokoll fra møte nr. 03 i Skikrinsstyret****Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 38 17-19****Protokoll fra møte nr. 04 i Skikrinsstyret****Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 39 17-19****Protokoll fra møte nr. 05 i Skikrinsstyret****Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennsskomiteen tek protokollen til orientering.

**RAPPORTERING****SAK 40 17-19****Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018****Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.

## VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

**SAK 41 17-19**

#### **Terminliste 2018-2019**

##### **Bakgrunn**

Rammene for terminlista 2018-2019 vart lagt fram i samband med skikrinsen sitt Vårmøte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga, med svarfrist 15. september 2018.

Her oppmoda ein også laga til å melde interesse for å arrangere KM Fristil 30. des. 2018. I tillegg oppmodar ein gjerne fleire til å melde inn interesse for å arrangere SSF karusell.

Høyningsframlegg til Terminliste Langrenn 2018-2019 finn ein vedlagt.

Pr. 15. september er det komt følgjande innspel til terminlista:

##### **1) Førde IL v/ Arne Helgheim:**

*Hei!*

*Ang. «Merk m.a. at ein kan melde interesse for å arrangere **KM Fristil 30. des. 2018**. I tillegg oppmodar ein gjerne fleire til å melde inn interesse for å arrangere SSF karusell»*

*Denne trudde eg var lagt til Langeland? Er det noko spesiell grunn til at det no kan «søkast» på dette arr?*

*Førde IL langrenn lanserer Langeland som arr. stad – slik vår intensjon vel har vore.*

*Arne*

##### **2) Sogndal IL v/ Morten Bøthun:**

*Hei!*

*Har nokre innspel til terminliste utkastet frå SIL langrennsgruppe.*

**Tidlegrenn i Hodlekve** er fint. Men siste laurdag før jul er dårleg dato. Mykke betre å arrangere søndagen samme helga. Så føresler at vi set opp **søndag 16.desember i staden**. Fristil er ok

**KM fristil 30.desember.** Her i Sogn er det mange som reiser til nyttårsrennet på Beitostølen 30.des for å måle krefter med østlendingane. Mange er også bortreist, så denne helga bør unngås. Forslag alt 1: Arrangere KM fristil på Langeland fredag 25.januar ettersom dette er KM helga. Forslag alt 2: Arrangerer KM fristil i helga 6.april eller 7.april. Dette ville strekke langrennsesongen 2 veker til. Det må vera positivt for

aktiviteten rundt om i klubbanen. Det er trass alt sein påske i år, og det må vi utnytte til langrennsaktivitet for born og ungdom lengst mogeleg. Blir det KM 6.april eller 7.april så kan Sogndal IL arrangerer. Det er supre forhold i Hodlekve på den tida!!

**SSF cup Bjørn med duatlon.** Det blir mest truleg i Leirdalen. Slik det var i fjor så var start og mål ulike plassar, der skibytte var ved start. Kanskje duatlon burde vore arrangert på Langeland, Ullsheim eller Tua der dei har store start/mål område?

**SSF cup Hyen Klassisk** må flyttast ettersom Ungdommens Holmenkollrenn er fastsatt til 16-17.februar 2019. Føresler ny dato Hyen søndag 3.februar.

Ser at der er **auke i antall cuprenn for rekrutt** (11-16) frå 7 til 8 renn. Positivt. Men skal det framleis vera dei 5 beste renna som tel? Kan vel vera litt hardt å kreve at dei må gå minimum 6 renn for å bli med samlagt premiering. Formuftig at 5 av 8 renn tel!!

**SSF cup Hodlekverennet** son 13.jan klassik er ok

**SSF karusell sonerenn Hodlekve** laur 9.febr fristil er ok

Mvh  
Morten Bøthun  
For langrennsgruppa SIL

### **3) Fjellhug/ Vereide IL v/ Astrid Fjellestad Hauge:**

Hei.

For oss ser det ok ut, men kan gjerne få det **tidlegare på vinteren**, om nokon vil byte. Vi kan gjerne ha det på ein **søndag**, då det er lettare å få folk til og hjelpe til. Rennet kan også arrangerast i **fristil**, det er ingen problem no etter at vi fekk utbedra traseen for nokre år sidan.

Mh Fjellhug Vereide IL  
Astrid Fjellestad Hauge

### **4) IL Bjørn v/ Tore Sønnesyn:**

Følgjande tilbakemelding frå IL Bjørn:

**Bjønnastarten 1. desember** er ok, men vi ønskjer at det skal gå i **friteknikk** i år. Litt etter fristen, men føreslår at Bjønnastarten vert flytta 1 veke, til laurdag 8.12. Dette både på grunn av kollisjon med anna arrangement og fordi det då er større sjanse for at me har nok snø. Alternativ søndag 02. Desember.

**KM i friteknikk 30. desember.** I utgangspunktet så ønskjer vi at KM blir arrangert samla på ei helg, men vi skjønar argumentet for å ha eit renn i romjula. 30. desember er det eit renn på Beitostølen (Nyttårsrennet) som

mange frå krinsen tidlegare har vore med på. I fjor vart det og kollisjon med dette rennet og KM. Vi ønskjer at ein finn ein annan dato enn 30. desember, slik at ein kan få med seg begge renna, t.d. 29. desember. Rennet på Beitostølen er eit renn med god deltaking der vi får bryna oss mot mange gode løpar frå austlandet.

**SSF CUP 19. Januar. Vi ønskjer ikkje å arrangere renn i SSF-cupen i år.** Grunngjevinga er todelt. Vi er etterkvar fåe aktive i klubben, og ønskjer å redusere belastningen på dugnadsfolka som hjelper oss mykje gjennom vinteren. I tillegg har det vore mykje bråk rundt lokaliseringa av renna våre dei siste åra, der andre klubbar har sterke meininger om kor og korleis vi skal arrangere skirenn. Eg tykkjer det berre er bra om ein kuttar eit renn i SSF-cupen slik at får helgar der ein kan gjere andre ting, t.d. reise på skirenn andre plassar eller berre fokusere på trening.

**Ungdommens Holmenkollrenn er elles den 16-17. februar,** så det betyr vel ei flytting av Hyensprinten.

**Bjønnarennet er ok.** Vi håpar at det er snø på den tida.

## **5) Syril IL v/ Eivind Brendehaug:**

*Hei  
Her kjem våre innspel til terminlista:*

*Vi registrer at heller ikkje i år er vi i utgangspunktet sett opp med eit renn.  
Vi lurer på kvifor det er slik?*

*Syril ski ønskjer eit SSF-cup renn, men reknar med at det ikkje er mogleg før enn neste sesong (2019/2020).*

*For denne sesongen vil vi arrangere eit sonerenn i fri teknikk. Aktuell dato kan vere laurdag 2. eller søndag 3. februar.*

*Helsing  
Eivind Brendehaug  
Leiar Syril ski*

**Framlegg til VEDTAK**  
Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1)  
Førde IL vert arrangør for SSF KM fristil 30. desember 2018.

Vedtak 2)  
Krinsrenn i Hodlekve vert flytta til søndag 16. desember 2018.

Vedtak 3)  
Bjønnastarten vert flytta til søndag 02. desember 2018 og endra til fristil.

Vedtak 4)

SSF Cup 19. januar 2019, arr. IL Bjørn, vert teke vekk. Klepparennet vert sett opp laurdag 19. januar 2019 i fristil.

**Vedtak 5)**

SSF Cup Kleivanerennet, arr. Fj./ Vereide IL, vert flytta til søndag 03. februar 2019 og endra til fristil.

**Vedtak 6)**

SSF Cup Hyesprinten vert flytta til laurdag 09. mars 2019.

**Vedtak 7)**

SSF Cup, arr. IL Jotun/ ÅTIL, 16. mars 2019 vert endra til klassisk for å få jamnare fordeling av stilart i SSF Cupen.

**SAK 42 17-19**

**Breiddesamlingar 12-16 år**

Av breiddesamlingar i 2018 er det førebels gjennomført;

- Sognefjellet Sommarskiskule 24.-28. juni, med nær 40 deltagarar f. 2001-2007;  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/sognefjellet-sommarskiskule/>
- Samling på Ullsheim 07.-09. september, med Sjur Ole Svarstad som hovudtrenar. Her stilte skikrinsen med trenarar. På denne samlingen deltok ca. 40 utøvarar f. 2003-2007;  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2018/9/miljosamling-ullsheim/>

Vidare inviterar Førde IL og Gjøran Tefre til [Enivest Skiskule](#) på Langeland i perioden 11.-14. oktober 2018 (aldersgruppe 2002-2007).

Førde IL inviterar også til [Jentesamling på Langeland](#) 20. oktober 2018.

27. oktober 2018 er det [«Treningsamling på tvers»](#) (aldersgruppe 2002-2006) på Idrettens Møteplass i Sogndal.

Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart i alle tiltaka.

Det er førebels ikkje planlagt fleire jentesamlingar for hausten/ vinteren 2018/ 2019.

Sjå elles Sak 45 om treningsamling i samband med Sogn og Fjordane-leikane.

**VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å kontakte Markane IL v/ Margunn Hjelmeset vedr. evt. avvikling av jentesamling i samband med Ullsrenna (05.-06. januar 2019).

Torunn Grut følgjer opp vedtaket.

**SAK 43 17-19**

**Nasjonale renn og meisterskap 2018-2019**

**Bakgrunn**

Oversikt over logistikken i samband med nasjonalerenn- og meisterskap

2018-2019 vart presentert i møtet.

Forøvrig vil Norges Skiforbund reservert overnatting/ innkvartering for samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement:

- Norges Cup junior Konnerud, 11.-13. januar 2019
- Norges Cup junior Åsen, 08.-10. februar 2019
- Junior NM Savalen, 08.-10. mars 2019

Jf. rutinar i NSF har Sogn og Fjordane Skikrins bedt om å bli tildelt 34 sengeplassar for utøvarar og støtteapparat ifbm. desse arrangementa. Innan 05. oktober 2018 skal skikretsane få tilbakemelding om fordeling av overnatting/ sengeplassar.

Kretsane sjølv vil i år vere økonomisk ansvarleg for dei bookingene dei har avtalt.

I utgangspunktet er sengeplassane forbeholdt utøvarar på krinslaget m/ støtteapparat.

Når det gjeld øvrige nasjonale arrangement reserverer skikrinsen v/ adm. innkvartering.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at fellesopplegget på nasjonale renn knytt til senior skal avklarast nærare med aktuelle utøvarar.

Oddmund L. følgjer opp aktuelle seniorutøvarar og evt. samarbeid med Hordaland Skikrets saman med adm.

Langrennskomiteen gjer vidare vedtak om å forespørje følgjande personar om å vere med i støtteapparatet for junior:

- Tor Arne Hov, Kaupanger IL (org. ansvarleg)
- Jan Arve Lund, Kaupanger IL
- Inge Brigt Kvile, Førde IL
- Yngve Thorsen, Førde IL
- Bjørn Kristian Sunde, Førde IL
- Eivind Skår, Førde IL
- Jørund Hammersvik, Førde IL
- Bernt Ullebø, Førde IL
- Johannes Tufte, Sogndal IL

Hovudleiarar på nasjonale renn junior er Simen Bækken.  
I tillegg vert følgjande personar førespurt:

- Roger Pollen
- Bertine T. Lefdal
- Olaug Grut Andersen

Tor Arne Hov følgjer opp støtteapparatet på nasjonale renn og meisterskap for junior saman med adm.

Komiteen gjer vedtak om at alle som skal levere ski leverer med kvit/ svart Marathon skismurning alt. dagsaktuelt glider. Pris pr. par vert også justert opp til på kr. 300,-.

**SAK 44 17-19****Handlingsplan 2017-2019****Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

Planen finn ein vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte langrennskomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling.

**SAK 45 17-19****Sogn og Fjordane-leikane****Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 08. desember 2018.

Greinkomiteane legg til rette for treningssamling søndag 09. desember 2018 same stad.

**VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering og gjer alles vedtak om at krinslaget bør stille på arrangementet og evt. kombinere det med fellestrenings.

Vidare gjer komiteen vedtak om å legge til rette for ei treningssamling for aldersgruppa 12-16 år søndag 09. desember i Hodlekve. Her stiller aktuelle krinslagsløparar og ein nyttar elles trenarressursar frå krinslaget/ lokale trenrarar.

Foreldre og andre interessert inviterast til å observere/ delta på øktene.

Torunn G. følgjer opp vedtaket saman med adm.

**SAK 46 17-19****Krinslaga i langrenn 2018-2019****Bakgrunn**

Krinslaget i langrenn 2018-2019 består til saman 41 utøvarar.

28 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 8 løparar har «vinterpakke». Nokre av desse deltek på nokon av samlingane etter avtale (sjå vedtak i Sak 32 17-19).

Impulslaget (f. 2003) består av 13 utøvarar.

**Trenarar 2018-2019**

Hovudtrenar: Simen Bækken

Andre trenarar som vert nytta på samlingar:

- Bertine Thorsen Lefdal
- Roger Pollen
- Olaug Grut Andersen
- Sindre Hoff
- Sjur Ole Svarstad

I tillegg har ein nyttar seg av Mathias Lilleheim som ekstern ressurs på basistrening.

### Krinslagskontingent 2018-2019

• Impulslag (2003):	Kr. 4 000,-
• Junior (2001-2002):	Kr. 12 000,-
• Eldre Junior (1999-2000):	Kr. 13 000,-
• Senior (1998-)	Kr. 15 000,- (inkl. opne samlingar med Team Veidekke Vest)

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skirkirksen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)
- «vinterpakke» senior, kr. 8 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Ver merksam på at krinslagsbekledninga er inkludert i kontingeneten for «vinterpakkane».

For utøvarar med «vinterpakke» og som ynskjer å delta på nokre avtalte samlingar betalar ein kr. 200,- pr. samlingsdag i tillegg til kostnad med overnatting.

### Samlingsplan 2018-2019

Fokus	Stad	Dato	Senior/ Eldre Jr.	Junior	Impuls
Ski/ barmark	Sognefjellet /Skjolden	07.-10. juni	X	X	
Barmark	Førde	28. juni - 1. juli	X	X	X
Barmark	Markane	09.-12. august	X	X	
Barmark	Jølster	13.-16. september	X	X	X
Barmark	Hemsedal	28. sept. - 2. oktober	X	X	
Barmark	Sogndal	10.-14. oktober	X	X	X
Barmark	Utlanet?*	september/oktober	X		
Ski	Beitostølen	7.-11. november	X	X	X
Ski	Gåla	21.-25. november	X		

For seniorutøvarane er det også blitt lagt til rette for samlingar saman med Team Veidekke Vest.

Vidare er samlinga i Markane gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets og Landslinja i skiskyting ved Stryn vgs., medan samlinga i Hemsedal vert gjennomført saman med Team Hallingdal/ Buskerud Skikrets.

#### **VEDTAK**

Langrennsskomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 47 17-19**

#### **Status markedsarbeid i langrennsskomiteen**

##### **Bakgrunn**

Status i Sogn og Fjordane Skikrins - langrenn sitt markedsarbeid.

<b>Verksemد</b>	<b>Grein</b>	<b>Går ut</b>	<b>Status</b>
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen vart ikkje fornya.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020).
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale reforhandla i 2018.
SFE	Hopp/ langrenn	2019	Avtale skal reforhandlast i 2019.
COOP Vest SA	Alpint/ langrenn	2018	Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018.

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i sak 73 17-19:

- Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.

#### **VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering.

Adm. og Tor Arne H. følgjer opp ny aktuell samarbeidspart. I tillegg tek komiteen opp saka på Haustmøtet 27. oktober.

#### **SAK 48 17-19**

#### **Sakliste Haustmøtet, 27. oktober 2018**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2018 skal avviklast 27. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

Langrennsskomiteen fastset sakliste for møtet.

Ifbm. Haustmøtet 2017 la ein til grunn følgjande sakliste:

- Terminlista 2017-2018
- Fellesopplegg ifbm. nasjonalerenn og meisterskap 2017-2018
- Breidde-/ jentesamlingar
- Team Veidekke Vest
- Økonomisk rapport

#### **VEDTAK**

Langrennsskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Haustmøtet 2018:

- 1) Terminlista 2018-2019
- 2) Fellesopplegg ifbm. nasjonalerenn og meisterskap 2018-2019
- 3) Breidde-/ jentesamlingar
- 4) Krinslaget 2018-2019
- 5) Team Veidekke Vest
- 6) Klubbutvikling/ klubbesøk
- 7) Status marked
- 8) Økonomisk rapport

## ORIENTERINGSSAKER

**SAK 49 17-19**

**Team Veidekke Vest**

**Bakgrunn**

LK-leiar informerer m.a. om:

- sportsleg status;
  - 3 løparar frå Sogn og Fjordane: Gjøransen Tefre, Torstein Bu, Jon Rolf Skamo Hope
- møtestruktur/ organisasjon;
  - faste telefonmøte
- økonomisk status;
  - mista sponsor før sesongen, utfordrande å få inn ny
  - NSF jobbar for å vidareføre regionslaga
  - laget har eigenkapital som vert nytta inneverande sesong
  - jobbar med å få inn støtte med mindre beløp frå ulike bedrifter

## VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering.

## EVENTUELTT

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Oddmund Lefdal (s)  
Leiar LK

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef



NORGES  
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE  
SKIHEIMS

## Vedlegg SAK 35 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 fra LK

Langrennsskomiteen@

Sakshand.: IN/OL

Dato: 23.05.2018

Arkivk.: lk/møter/innkalling/17-19

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 03 I LANGRENNNSKOMITEEN, 2017-2019

**Stad:** Telefonmøte

**Tidspunkt:** Måndag 28. mai 2018, kl. 21.00-22.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 30 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste

**SAK 31 17-19** Godkjenning av protokoll nr. 02 17-19 fra langrennsskomiteen

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

**SAK 32 17-19** Krinslaget 2018-2019

**SAK 33 17-19** Ansvarsdeling i langrennsskomiteen

### EVENTUELTT

---

**TIL STADES:** Tor Arne Hov, Torunn Grut, Anne Lilleaasen, Adrian Helgheim og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Oddmund Lefdal

### MERKNADER:

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

#### REFERATSAKER

**SAK 30 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### VEDTAK

Langrennsskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 31 17-19**

Godkjenning av protokoll nr. 02 17-19 fra langrennsskomiteen

##### Bakgrunn

Protokoll nr. 02 17-19 fra langrennsskomiteen er sendt ut tidlegare for

godkjenning. Denne finn ein også vedlagt.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 02 17-19.

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

##### **SAK 32 17-19**

##### **Krinslaget 2018-2019**

###### **Bakgrunn**

Det har komme ulike førespurnader om tilpassa opplegg på krinslaget 2018-2019.

Langrennskomiteen diskuterer prinsipp for deltaking på krinslaget.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen har vurdert utøvarar på særskilt grunnlag som får delta på enkeltsamlingar mot å betale ein andel pr. samling i høve krinslagskontingenten.

Samarbeid om samlingar med skiskyting;  
Administrasjon og krinstrenar går i dialog med trenarane ved landslinja skiskyting i Stryn om å få til eit samabeid om enkeltsamlingar.

Langrennskomiteen gjer vidare vedtak om at løparar som deltek på fellesopplegget til krinslaget på nasjonale renn skal minimum ha "vinterpakken" til krinslaget.

##### **SAK 33 17-19**

##### **Ansvarsdeling i langrennskomiteen**

###### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen fordeler arbeidet i komiteen.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer følgjande ansvardeling i komiteen:

Terminliste – Oddmund/ Adrian

Krinslag – Tor Arne

Breiddesamlingar – Torunn

Trenarkurs – Anne/ Torunn

#### **EVENTUELTT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Oddmund Lefdal (s)  
Leiar LK

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 36 17-19</b>	<b>Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018</b>
-----------------------------	--

## **Referat Vårmøte Langrenn, Skei 14.05.2018**

### **Sak 01) Innleiing/ oppsummering av sesongen 2017-2018**

- god snøvinter
- alle arrangement etter plan
- SSF-cup, liten nedgang i antal deltagarar (nokre dårlige snøvintrar, andre aktivitetar)
- krinslag og impulsdrag: 35 løparar
- 73 deltagarar i gjennomsnitt på krinsrenn

### **Sak 02) Utvikling av langrennsløparar i Sogn og Fjordane v/ Sjur Ole Svarstad**

Sårbare miljø, korleis få dei til å dra saman

### **Sak 03) Rammer for Terminliste 2018-2019**

#### Skicross/ sprint:

- Reint skicrossrenn, Hafslø kan tenke seg å arrangere det i alpinanlegget.
- Tambarskjelvar hadde skicrossrenn - men litte deltaking, langt å reise for kort løype. KM på Eid hadde nokre element med skicross, var bra.
- Fleire heat, t.d. samle poeng i fire, så dei får gått meir på dagen.
- Sprintrenn som prolog for ordinert renn, jaktstart.
- Om ein har sprintrenn: prolog og eit heat tek dagen. Vanskeleg å rekke fleire heat
- KM-sprint var moro, kan ønskje to sprint renn i cupen.

#### KM:

- KM-helga kolliderer med Kvalfoss sprint (skiskyting arr.)

Legg KM NM-senior helga.

- Korleis få med mange på KM? La eit KM i jula for å få med fleire som er «heime» i jula. Tidleg for mange? Var god deltaking, skiskyttarar var med.

- Legg inn konkurransefrie helger og ha samlingar der løparane kan få gått mykje på ski.
- Sonerenn må vere tidleg i sesong og legge det inn i lokale karusell (t.d. NM-helg).

- SSF stafett, kan ikkje vere cup
- Vestlandsmeisterskap? Var før, hadde liten status, vart lagt ned.

#### «Sogn og Fjordane leikane»:

- Langrenn, alpin, hopp. 10-16 år. Planlagt første helga i januar, Sogndal.
- Prøve ulike greiner, trenarsamling på kvelden.
- Innspel: legg det til 15.-16. desember (Ullsrennet er den helga, lite interessert i å flytte helg)

#### Stilartar:

- tanke 50-50
- bør vere eit skøyterenn før jul
- KM skøyting i jula om ein vil ha med skiskyttarar, (og løparar som bur utanom fylket)

#### **Sak 04) Krinslaget 2018-2019, oppsummering av Simen Bækken**

- Kjenneteikn; kjekt å vere der. Bærer jakka med stoltheit. Funne fine plassar å ha samlingar. Samarbeid med Team Hallingdal, Hordaland, Møre og Romsdal plan neste år.
- Ser ut til å bli ei jentegruppe, er ein gjeng som backer kvarandre.
- Mange har «persa» i løpet av sesongen, moro. Nokre medaljar (Jon Rolf og Simon).
- Dei som spør om treningsopplegg får svar, men dei må ta initiativ sjølv.

---

Treningsgruppe i Sogn er etabler og fungere bra, ei fellesøkt i veka, prøve å få med alpint og hopp på hausttreninga.

Sunnfjord: Førde er så store at det blir for mange. Førde og Gaula har hatt kvar sine dagar, Gaula har noko samarbeid langrenn og alpint.

---

#### 2018-2019:

- Hovudtrenar: Simen Bækken. Må få med fleire, Ingrid vil bidra noko, Olaug på sommaren.
- Senior/eldre junior - 40 døgn, nokre med TVV
- Junior - 30 døgn
- Impuls - 12 døgn
- Forslag til samlingsplan, lik den i fjer.
- Vurdere utanlandssamling for senior/eldre junior
- Invitasjon har gått ut til løparar.

#### **Sak 05) Fellesopplegg nasjonalerenn og meisterskap**

- Felles overnatting, smøreteam, sekundering.
- Svært godt tilbod.

#### Ungdomsstafetten:

- flott arrangement, bør stille lag.
- I fjer stilling i SSF-cup. Langrennskomiteen tek ut.

#### **Sak 06) Breiddesamlingar (12-16 år)**

- Ullsheim i september
- Enivest skiskule – i Førde haustferie veka. Gjøran Tefre, plan om same opplegg for 2018.
- Idrettens møteplass i Sogndal. Foredrag for leiarar, samling for utøvarar i fleire greiner.
- Jentesamling ved Ullsrennet.

Samling på ski før jul- teknikk, burde det vere noko Sogn og Fjordane leikane?

Viktig å differensierte så nivået ikkje blir for høgt for dei som ikkje satsar frå dei er 12 år.

Sonesamling, miljøsamling var før.

Samle oss om noko, ikkje for mykje, det ein gjer må vere bra.

#### **Sak 07) Team Veidekke Vest**

Tre løparar frå Sogn og Fjordane, ni løparar totalt, 7 gutter og 2 jenter.

#### **Sak 08) Økonomi/ marked**

Ingrid gjekk gjennom rekneskap for 2017, er godkjent av LK. Informasjon til Vårmøtet.



SØGN OG FJORDANE  
SKIHEIMS

Marknadsavtalane styrer mykje av aktiviteten.

Krinslagsløparane må vere lojal til avtalar, må bruke krinslagsklede med rett sponsorar, og på lue.

Ref. Torunn Grut/ Ingrid Narum (s)

**Vedlegg SAK 37 17-19      Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@

Sakshand.: YT/FÅ/IN      Dato: 13.02.2018      Arkivk.: styret/møter/protokoll/17-19

**PROTOKOLL MØTE NR. 03 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Måndag 12. februar 2018, kl. 18.00-21.00

**REFERATSAKER**

**SAK 34 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 35 17-19** Godkjenning av protokoll nr. 02 17-19 frå Skikrinsstyret

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 36 17-19** Ny adm. sjef i SFSK f.o.m. 1. mars 2018  
**SAK 37 17-19** Sonemøter SFSK

**RAPPORTERING**

**SAK 38 17-19** Rekneskapsrapport pr. 31.12.2017  
**SAK 39 17-19** SFSK Handlingsplan 2017-2019

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 40 17-19** Organisering NSF  
**SAK 41 17-19** Endring alpinkomiteen  
**SAK 42 17-19** Ski-tinget 2018  
**SAK 43 17-19** Arbeidet til valkomiteen NSF  
**SAK 44 17-19** Representasjon Idrettskrinstinget 2018  
**SAK 45 17-19** Høyring SFIK Handlingsplan 2016-2020  
**SAK 46 17-19** Status markedsarbeid  
**SAK 47 17-19** Vårmøte SFSK 14. mai 2018 program  
**SAK 48 17-19** NSF «Utetimen»

**EVENTUELTT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre, Sjur Håvard Øygard, Ole Petter Henden (2. varamedlem), Ingrid Narum (ny adm. sjef f.o.m. 1. mars 2018) og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:** Margot Åsebø, Oddmund Lefdal og Asle Sande (1. varamedlem)

- MERKNADER:** Per Asbjørn Felde (nestleiar AK) deltok i møtet i stadenfor Atle Hamar (leiar AK), sjå sak 41 17-19.
- REFERENT:** Yngve Thorsen/Ingrid Narum
- 

## REFERATSAKER

### SAK 34 17-19

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 35 17-19

#### **Godkjenning av protokoll nr. 02 17-19 fra Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra styremøte nr. 02 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen finn ein vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 02 17-19.

## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 36 17-19

#### **Ny adm. sjef i SFSK f.o.m. 1. mars 2018**

##### **Bakgrunn**

Ingrid Narum er tilsett som ny administrasjonssjef f.o.m. 01. mars 2018.

Narum tek dermed over stillinga etter at mangeårig administrasjonssjef Yngve Thorsen, begynner som HMS ansvarleg hjå Coop Vest SA frå 1. mars. Narum har lang erfaring frå idretten, og kjem frå stillinga som plan- og utdanningsleiar i Sogn og Fjordane idrettskrins.

Ho er tidlegare aktiv langrennsløpar, og har m.a. 27 startar i verdscupen.

Narum er førebels tilsett i 40% stilling i februar, og vidare i 50% stilling i mars og april, før ho tek til i 100% stilling 01. mai 2018.

Ved denne ordninga legg ein til rette for ein god overgang i administrasjonen.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### SAK 37 17-19

#### **Sonemøter SFSK**

##### **Bakgrunn**

Viser til SFSK sin handlingsplan for perioden 2017-2019 der skikrinsen skal implementere SUM i eigen krins.

I handlingsplanen skal skikrinsen gjennomføre 4 klubbesøk/sonemøter pr. år i tingperioden.

I oppfølginga av tiltaket har ein planlagt 3 sonemøter våren 2018 slik:

- Sonemøte Sogn – 5. mars 2018, Sogndal
- Sonemøte Nordfjord – 12. mars 2018, Eid
- Sonemøte Sunnfjord – 19. mars 2018, Førde

Målet med sonemøta er å bli kjent med Skiforbundet sin utviklingsmodell og lære korleis ein kan jobbe med konkrete verktøy for å utvikle eigen klubb. Her blir klubbane bevisst på status og einige om konkrete handlingar og tiltak – både for seg sjølv og i samarbeid med andre klubbar.

Møta er opne for tillitsvalte, trenarar, føresette og andre skiinteressert i skiklubbane.

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om følgjande representasjon i samband med aktuelle sonemøter:

- Sonemøte Sogn – 5. mars 2018, Sogndal; Tonje Norheim Tangerud, Henning Sæthre og Oddmund Lefdal (?)
- Sonemøte Nordfjord – 12. mars 2018, Eid; Margot Åsebø (?), Ole Petter Henden og Per Asbjørn Felde.
- Sonemøte Sunnfjord – 19. mars 2018, Førde; Finn Årdal, Hallvard Nygård, Sjur Håvard Øygard.

### RAPPORTERING

#### SAK 38 17-19

#### Rekneskapsrapport pr. 31.12.2017

##### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2017 er lagt ved som eige vedlegg.

Nøkkeltal pr. 31.12.2017:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 3 423 417,-	Kr 3 234 451,-	Kr 188 966,-	Kr 0,00
<b>AU Driftsinnt. totalt</b>	<b>AU Driftskost. totalt</b>	<b>AU Resultat</b>	<b>AU Årsbudsjett</b>
Kr 810 179,-	Kr 783 535,-	Kr 26 644,-	Kr 0,00
<b>AK Driftsinnt. totalt</b>	<b>AK Driftskost. totalt</b>	<b>AK Resultat</b>	<b>AK Årsbudsjett</b>
Kr 1 245 144,-	Kr 1 177 342,-	Kr 67 802,-	Kr 0,00
<b>HKK Driftsinnt. totalt</b>	<b>HKK Driftskost. totalt</b>	<b>HKK Resultat</b>	<b>HKK Årsbudsjett</b>
Kr 55 175,-	Kr 45 933,-	Kr 9 242,-	Kr 0,00
<b>LK Driftsinnt. totalt</b>	<b>LK Driftskost. totalt</b>	<b>LK Resultat pr.</b>	<b>LK Årsbudsjett</b>
Kr 1 312 918,-	Kr 1 227 640,-	Kr 85 278,-	Kr 0,00

Skikrinsstyret må vere merksam på at rekneskapen for 2017 ikkje er ferdigstilt p.t.

Prognose for 2017 er ca. kr. 70 000,- i positivt økonomisk resultat.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at tilskotet (kr. 100 000,-) til Ski i skulen utbetalt av fylkeskommunen desember 2017 settast av til vidare drift av prosjektet vinteren 2018.

#### **SAK 39 17-19**

#### **SFSK Handlingsplan 2017-2019**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret oppdaterte SFSK sin handlingsplan 2017-2019 med omsyn til status.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

#### **SAK 40 17-19**

##### **Organisering NSF**

##### **Bakgrunn**

#### ***Notat frå arbeidsgruppe nedsett på kretsledermøte i Lahti:***

*Norges Skiforbund har de siste to årene opplevd flere vanskelige saker som har satt organisasjonen på prøve, både politisk, administrativt og juridisk. Resultatet av sakene har dels gitt usikkerhet knyttet til inntekter, dels gitt negative ringvirkninger for omdømmet, og dels medført interne utfordringer knyttet til styring og kontroll. Kretslederne har underveis gjennom de vanskelige sakene blitt orientert om Skistyrets håndtering av sakene, og har gjennom dette også blitt kjent med de organisatoriske utfordringene som har oppstått i kjølvannet av enkelte av sakene.*

*På bakgrunn av diskusjon under internt kretsledermøte 27. februar 2017 under VM i Lahti, ble kretslederne enige om å nedsette en arbeidsgruppe som skulle se på og vurdere forbedringer i politisk organisering i NSF.*

*Kretsutvalget fremla sin foreløpige konklusjon for kretsledermøtet på Hamar 11. januar 2018. Det ble på kretsledermøtet besluttet å gå videre med vurdering av organisatoriske forbedringer av det sentrale ledet i NSF gjennom involvering og behandling i de enkelte kretsstyrene.*

#### ***Forslag til endring i politisk organisering av Skiforbundet.***

*Med basis i utvalgets kartlegging foreslås tre konkrete endringer:*

- *Skistyret reduseres til 9 medlemmer, inkludert ansattes representant. Grenkomitelederne trer ut av Skistyret for å sikre at det ikke foreligger dobbeltroller i organisasjonen*
- *Grenkomiteene oppnevnes i sin helhet av Skistyret*
- *Kretsledermøtet får en utvidet og styrket funksjon mellom Skitingene, herunder tillegges kretsledermøtet myndighet til å godkjenne*

*årsregnskap og årsberetning i årene mellom skitingene, samt at kretsledermøtet innstiller til valgkomite som velges på Skitinget*

*Gjennom disse endringene mener arbeidsutvalget at man sikrer en organisasjon hvor det er sammenheng mellom ansvar, beslutningsmyndighet, operativt ansvar og rapporteringslinjer.*

Frist for svar til NSF er 27. februar 2018.

Notat frå arbeidsgruppa, oppsummering av endringar i NSF og oversikt over ansvar og myndighet er lagt ved som eige vedlegg.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret er positive til framlegg til endring i politisk organisering av Skiforbundet.

#### **SAK 41 17-19**

##### **Endring alpinkomiteen**

###### **Bakgrunn**

Atle Hamar (leiar AK) har sagt frå seg vervet som leiar for alpinkomiteen. Bakrunnen er at han er utnemnd som statssekretær i Klima- og Miljødepartementet i «Solberg 2».

Årsaka til at Hamar trekker seg frå vervet er knytt til habilitet, og kva som er mogeleg å få til av praktisk arbeid for komiteen ut tingperioden.

Nestleiar i AK, Per Asbjørn Felde, har sagt seg villig til å ta over vervet som leiar. Det er vidare eit tydleg ynskje frå AK at komiteen bør vere fulltalig ut tingperioden. Vidare har Hege Venes (medlem i AK) ytra ynskje om å gå ut av komiteen, fordi ho ikkje lenger har born som er aktive innanfor alpint. Komiteen ynskjer dermed at det skal veljast to nye medlemmar i AK ved eit ev. ekstraordinært Skikrinsting våren 2018.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering. Ein gjer vidare vedtak om at det vert kalla inn til ekstraordinært skikrinsting i samband med Vårmøtet (14. mai 2018), der ein føretak val av to nye medlemmar i AK. Styreleiar varslar leiar i valkomiteen om saka.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at valnemnda også gjer ei vurdering om ev. endring i samansetjing av telemark/ randoneekomiteen.

#### **SAK 42 17-19**

##### **Ski-tinget 2018**

###### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund avviklar Ski-tinget 2018 i Stavanger 2.-3. juni 2018. I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemner delegatane i styremøtet. Grenkomiteane sine fagmøte og andre møter vert gjennomført i samband med Ski-tinget, og er planlagt i perioden torsdag 31. mai. – fredag 1. juni.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon i samband med Ski-tinget 2018:

- Styreleiar, Finn Årdal (Jølster IL)
- Styremedlem; Tonje Norheim Tangerud (Sogndal IL)
- Styremedlem; Margot Åsebø (Haugen IL) ?
- Styremedlem og leiar i LK; Oddmund Lefdal (IL Bjørn) ?

Administrasjonen følgjer opp saka.

#### **SAK 43 17-19**

#### **Arbeidet til valkomiteen NSF**

##### **Bakgrunn**

Ski-tinget 2018 naermar seg, og valkomiteen i NSF har begynt sitt arbeid. Valkomiteen ynskjer seg eit best mogleg utval av kandidatar til dei ulike verva. Valkomiteen har så langt utarbeida ei komplett oversikt over kva tillitsvalte som har sagt seg villig til å ta attval, men uavhengig av dei tilbakemeldingane oppmodar ein krinsane å fremme forslag til alle dei tillitsverv som skal veljast. Forslagsfrist er 1. mars 2018.

Det skal fremjast forslag på kandidatar til følgjande verv/komitear:

- Skistyret; president, visepresident og 5 styremedlemmar
- Leiar, nestleiar og 2-4 medlemar i kvar greinkomite
- Kontrollkomiteen; leiar og 3 medlemar
- Lov- og påtaleutval; leiar og 3 medlemar

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at styreleiar og nestleiar får fullmakt til å arbeide vidare med saka.

#### **SAK 44 17-19**

#### **Representasjon Idrettskrinstinget 2018**

##### **Bakgrunn**

Idrettskrinstinget vert avvikla 14. april i Sogndal. I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemner delegatane i styremøtet.

##### **VEDTAK**

- Styreleiar, Finn Årdal (Jølster IL)
- Styremedlem; Tonje Norheim Tangerud (Sogndal IL)
- Styremedlem; Margot Åsebø (Haugen IL) ?
- Nestleiar; Hallvard Nygård (Førde IL)

Administrasjonen følgjer opp saka.

#### **SAK 45 17-19**

#### **Høyring SFIK Handlingsplan 2016-2020**

##### **Bakgrunn**

Idrettskrinstinget 2016 vedtok Handlingsplan 2016-2020 for idretten i Sogn og Fjordane. På Idrettskrinstinget 2018 i Sogndal 14. april skal handlingsplanen rullerast. SFIK ynskjer innspel på utkast til handlingsplan, jf. utsett frist for tilbakemelding 13. februar.

Utkast til revidert handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

## VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande innspel i høve saka:

- Prioriteringane på s. 4 i dokumentet skal nummererast slik:
  - 1) Gode rammevilkår for idretten i fylket.
  - 2) Styrke og utvikle idrettsråda.
  - 3) Utvikle organisasjonskompetansen til idrettslaga.
  - 4) Fleire unge vel å vere aktive og får utvikle seg innanfor idrettslaga, som utøvar, trenar eller leiar.

Bakgrunnen for dette innspelet er knytt til den generelle arbeidsdelinga innanfor idretten, og idrettskrinsen sin rolle i høve til særkrinsane.

Skikrinsstyret foreslår vidare at pkt. om *Regionalisering* på s. 15 bør konkretiserast i høve til kva som er idretten i Sogn og Fjordane sine interesser i arbeidet med regionalisering.

M.a. er det viktig å arbeide for å sikre at funksjonar og arbeidsoppgåver blir lagt til Idrettens hus i Førde.

Skikrinsstyret stiller elles spørsmål om kvifor Idrettskrinsstyret ikkje har sett i verk ei konsekvensutgreiing i det førebuande arbeidet med regionalisering, der m.a. idretten i Sogn og Fjordane er teke med på råd.

## SAK 46 17-19

### Status markedsarbeid

#### Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemد	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen		Prosessen er sluttført for 2018. Avtalt møte med SOFIK 13. februar 2018.
Skiing Norway, Hotel Alexandra	AU	2017	Fakt. sept. 2017. Prosjektet vert fasa ut av NSF.
Skiing Norway, Skogstad Sport AS	AU	2018	Fakt. sept. 2017. Prosjektet vert fasa ut av NSF.
AVIS Bilutleige	AU	2018	Avtalen går ut 31.08.2018. Reforhandling vår/sommar 2018.
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Avtalen skal reforhandlast vinter/vår 2018.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2017	Eksisterande avtale gjekk ut 31.12.2017. Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020).
Intersport/ Erdal Sport AS	Langrenn	2017	Avtalen må reforhandlast vinteren 2018.
SFE	Hopp/ langrenn	2019	Avtale reforhandla i 2017.

COOP Vest SA	Alpint	2018	Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018.
<b>Verksemnd</b>	<b>Grein</b>	<b>Går ut</b>	<b>Status</b>
Fjord1	Alpint	2018	Avtalen går ut 01.09.2018. Reforhandlast vår/sommar 2018.
Sparebanken Vest	Alpint	2018	Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast sommar/haust 2018.
Frydenbø Bilsenter AS	Alpint	2017	Avtalen er under reforhandling.

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og viser til sak 12 17-19 der det vart gjort følgjande ansvarsdeling:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- ByggTeam, ansv.: Adm.
- G-Sport/ Erdal Sport AS, ansv.: Adm.
- Frydenbø Bilsenter AS, ansv.: Atle H.
- Fjord1, ansv.: Atle H. Tonje N. og adm.
- Sparebanken Vest, ansv.: Atle H. og adm.

### SAK 47 17-19

#### Vårmøte SFSK 14. mai 2018 program

##### Bakgrunn

I høve til tidlegare drøftingar har skikrinsstyret gjort vedtak om at Vårmøtet skal avviklast 14. mai 2018 ved Thon Jølster Hotel, Skei.

Skikrinsstyret drøftar rammeprogram og innhald for fellesdelen.

### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka: Ein skal førespørje Alexander Stöckl om å vere foredragshaldar på Vårmøtet sin fellesdel. Adm. følgjer opp saka.

Vidare skal «*Sogn og Fjordane leikane*» drøftast som tiltak på tvers av greinene på møtet sin fellesdel.

### SAK 48 17-19

#### NSF «Utetimen»

##### Bakgrunn

NSF har lansert eit nytt konsept for barn og unge – «Utetimen». «Utetimen» er tilrettelagt for bruk i skule- og skiklubbar. Dette er ein viktig del av samfunnsengasjementet til både SpareBank 1 og Norges Skiforbund. Konseptet «Utetimen» er ei kunnskaps- og aktivitetsløype som kan bidra til at fleire barn og unge opplever glede av det å vere i fysisk aktivitet. «Utetimen» inneheld undervisningsopplegg i fleire teoretiske fag som kombinerast med fysisk aktivitet. Norsk Idrett har mål om ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag, og «Utetimen» er eit bidrag til å nå dette målet.

[Les meir om «Utetimen».](#)

Styreleiar ynskjer å drøfte med skikrinsstyret om konseptet «Utetimen» også bør lanserast i Sogn og Fjordane.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å vidareutvikle prosjektet «Ski i Skulen» i høve til innhaldet i skulane sine tradisjonelle skidagar.

I tråd med drøftingar i Skikrinsstyret skal det m.a. utarbeidast prosjektsøknad til Sparebankstiftinga innan 01. mars 2018.

**EVENTUELTT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

**Vedlegg SAK 38 17-19      Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@  
Greinkomiteane@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 16.04.2018

Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

**PROTOKOLL MØTE NR. 04 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** Måndag 16. april 2018, kl. 17.00-21.00

**Andre opplysningar:** Fellesmøte med Skikrinsstyret og greinkomiteane frå kl. 17.00-18.00.  
NB! Det vert servert rundstykker, kaffi/ tek og mineralvatn ved ankomst.

**Rammeprogram:** Kl. 17.00-18.00: Fellesmøte med styret og øvrige tillitsvalde  
Kl. 18.00-20.00: Møte i SFSK sitt arbeidsutval  
Kl. 18.00-21.00: Møte i SFSK alpinkomiteen  
Kl. 18.00-21.00: Møte i SFSK langrennskomiteen

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 49 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste

**SAK 50 17-19** Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 frå møte i Skikrinsstyret

**RAPPORTERING**

**SAK 51 17-19** Rekneskap 2017

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 52 17-19** Organisering NSF

**SAK 53 17-19** Høyring rapport Kretsutvalget

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 54 17-19** Sonemøter SFSK/klubbutvikling

**SAK 55 17-19** Fellessamling for utøvarar

**SAK 56 17-19** Haustmøtet 2018

**EVENTUELTT**

**TIL STADES:**

Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Oddmund Lefdal, Sjur Håvard Øygard, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Trude Dalset, Roger Ellingsund, Jan Inge Årdal, Torunn Grut, Tor Arne Hov, Adrian Helgheim og Ingrid Narum (adm.)

<b>FORFALL:</b>	Henning Sæthre, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke, Anne Lilleaasen, Malene B. Haukøy
<b>MERKNADER:</b>	Jan Inge Årdal (nestleiar HKK) møtte i staden for Henning Sæthre (leiar HKK)  Hopp- og kombinertkomiteen har gjennomført sitt møte 04. april.  Roger Ellingsund er kalla inn til møtet med bakgrunn i at han stiller til val som nytt medlem i alpinkomiteen.
<b>REFERENT:</b>	Ingrid Narum

---

<b>REFERATSAKER</b> <b>SAK 49 17-19</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> <b>Bakgrunn</b> Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.
<b>SAK 50 17-19</b>	<b>Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 fra møte i Skikrinsstyret</b> <b>Bakgrunn</b> Protokoll frå styremøte nr. 03 17-19 er godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.
<b>RAPPORTERING</b> <b>SAK 51 17-19</b>	<b>VEDTAK</b> Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.
	<b>VEDTAK</b> Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 17-19.

<b>Rekneskap 2017</b>	
<b>Bakgrunn</b>	
Rekneskapen for 2017 er vedlagt.	
 Nøkkeltal 2017:	
 <b>Avsetning 2017 til 2018</b>	

*) Arbeidsutvalet (AU) / Ski i Skulen	kr. 100 000,-
 <b>Driftsinntekter samla</b>	kr. 3 363 820,-
 <b>Driftskostnader samla</b>	kr. 3 289 357,-
 <b>Resultat samla for skikrinsen:</b>	kr. 74 463,-
Resultat Arbeidsutvalet	kr. - 81 306,-
Resultat Alpinkomiteen	kr. 91 102,-

Resultat Hopp- og kombinertkomiteen	kr.	9 241,-
Resultat Langrennsskomiteen	kr.	55 425,-
<b>Total EK pr. 31.12.2017:</b>	kr.	<b>1 164 170,-</b>
- AU EK pr. 31.12.2017:	kr.	495 469,-
- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2017:	kr.	279 194,-
- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2017:	kr.	120 092,-
- Langrennsskomiteen EK pr. 31.12.2017:	kr.	269 412,-

\*) AU: Kr. 100 000,- setjast av for å sikre vidare drift av prosjektet *Ski i Skulen i 2018*.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2017.

#### **ORIENTERINGSSAKER**

##### **SAK 52 17-19**

##### **Organisering NSF**

##### **Bakgrunn**

Styreleiar orienterte om saka.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

##### **SAK 53 17-19**

##### **Høyring rapport Kretsutvalget**

##### **Bakgrunn**

Skistyret har bedt om tilbakemelding om skikretsane sitt syn på konklusjon og tilrådingar i kretsutvalet sin rapport om organisering av Norges Skiforbund mellom forbund og klubb.

På bakgrunn av innspel frå skigruppene og drøfting i styret (pr. e-post) har Skikrinsstyret sendt si uttale til Skistyret med følgjande konklusjon:

*Mykje tyder på at ein treng ei desentralisering framfor ei sentralisering i norsk idrett. Ved å legge til rette for ein sentralisert styringsmodell (regionar) i NSF, misser ein nærleiken til kundegrunnlaget, og dermed skapar ein dårlagare rammevilkår m.o.t. oppfølging og ikkje minst grunnlag for å drive utviklingsarbeid i klubbleddet.*

*Vi ser det som rett å oppretthalde vår skikrins med omsyn til nærleik til utøvarar, klubbar og skimiljøa. Der vi ser det som naturleg vil vi gjerne samarbeide med andre kretsar.*

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

##### **SAK 54 17-19**

##### **Sonemøter SFSK/klubbutvikling**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsen har i løpet av mars gjennomført sonemøte med skigruppene i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Målet med sonemøta var å gjere skigruppene kjent med Skiforbundet sin utviklingsmodell, og lære korleis ein kan jobbe med konkrete verktøy for å utvikle eiga skigruppe.

Møta skapte mange gode diskusjonar, der fokus var utøvaren i sentrum og aktivitet som skal leggast til rette med eit langsiktig utviklingsperspektiv. Det var òg nyttig å møtast på tvers av skigruppene, mellom anna for sjå på kva ein kan samarbeid om.

I tillegg fekk skikrinsen gode innspel på korleis ein i lag kan utvikle skiidretten i Sogn og Fjordane, der målet er å leggje til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg.

Skikrinsstyret og greinkomiteane var representert på sonemøta.

Skikrinsstyret drøftar korleis ein jobbar vidare med klubbutvikling og implementering av SUM i eigen krins.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **SAK 55 17-19**

##### **Fellessamling for utøvarar**

###### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen har komme med forslag om at ein legg til rette for ei fellessamling for utøvarar frå dei ulike greinene i skikrinsen i løpet av hausten 2018.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen og langrennkomiteen snakkar i lag for å sette av ein dato hausten 2018.

#### **SAK 56 17-19**

##### **Haustmøtet 2018**

###### **Bakgrunn**

I 2017 prøvde idrettskrinsen ut «Idrettens Møteplass» i Sogndal, ein møteplass for idretten i fylket for å motivere og oppdatere tillitsvalte og frivillige på tverridrettslege tema. Dette gjorde dei i samarbeid med skikrinsen og orienteringskrinsen. Parallelt inviterte ein til ei treningsamling på tvers av idrettane for utøvarar i alderen 12-16 år.

Skikrinsen la Haustmøtet 2017 til «Idrettens Møteplass», og i tillegg vart ei barmarkssamling i alpint gjennomført i samband med treningsamlinga på tvers av idrettar. Her vart Even Hole nytta som ein av trenarkreftene.

Også i år inviterar idrettskrinsen særkrinsane til å legge sine møter til «Idrettens Møteplass»:

*Det var mange gode tilbakemeldingar på denne møteplassen, og vi ynskjer å etablere «Idrettens Møteplass» i samarbeid med særkrinsar/regionar. Rammene for 2018 vil vere lik som i fjor, der vi legg til rette med organisering og stiller møtelokale til rådighet kostnadsfritt. Her har særkrinsane/regionane høve til å legge eigne aktuelle møter/tiltak etter lunsj, ein god og effektive moglegheit til å utnytte tid og ressursbruk.*

*Dato: Laurdag 27. oktober 2018  
Stad: Sogndal, Fosshaugane Campus/Sogndal vgs.*

*Rammeplan:*

**FELLES FOREDRAG kl. 10.00-12.00**  
*Sogndal vgs.  
Fellesidrettsleg tema*

**LUNSJ kl. 12.00-13.00**  
*Kantina Sogndal vgs.*

**ULIKE FORUM kl. 13.00-**  
*Klasserom, Sogndal vgs. (ev. større lokale)  
Haustmøte/leiarmøte o.l. – enkeltvis for kvar særkrins/region  
Idrettsrådssamling – idrettskrinsen*

**TVERRIDRETTSLEG TRENINGSSAMLING KL. 09.30-15.00**  
*Sogndal idrettshall  
Treningsamling på tvers av idrettane for utøvarar i alderen 12-16 år*

*Vi håpar fleire av dykk vil nytte denne møteplassen til å gjennomføre aktuelle møter.  
Om det er aktuelt for dykk å legge eigne møter til «Idrettens Møteplass» ynskjer vi tilbakemelding innan 15. april 2018.*

*I tillegg kan de komme med innspel på tema/foredragshaldar på fellesdelen før lunsj, og om de har fagressursar som kan bidra på treningsamlinga.*

Viser til tiltak i SFSK Handlingsplan 2017-2019 der skikrinsen i samarbeid med idrettskrinsen og andre særkrinsar skal legge til rette for min. 1 stk. trenarseminar i planperioden.

Skikrinsstyret drøftar om Haustmøtet 2018 skal leggast til «Idrettens Møteplass», og om ein har innspel på tema/foredragshaldar til fellesdelen.

**VEDTAK.**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å halde Haustmøtet 2018 på «Idrettens Møteplass» i Sogndal.

**EVENTUELTT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Leiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef



SØGN OG FJORDANE  
SKIFORBUND

## Vedlegg SAK 39 17-19      Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 25.08.2018

Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

## PROTOKOLL MØTE NR. 05 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

**Stad:** Årdal i Jølster (hytta til Hallvard Nygård)

**Tidspunkt:** Frammøte, fredag 24. august 2018, kl. 18.00  
Avslutning, laurdag 25. august 2018, ca. kl. 13.00

### RAMMEPROGRAM, FREDAG 24. AUGUST 2018

Program	Tidspunkt	Saker
Frammøte	Kl. 18.00	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.30-20.30	Sak 57-70 17-19
Middag	Kl. 21.00	

### RAMMEPROGRAM, LAURDAG 25. AUGUST 2018

Program	Tidspunkt	Saker
Frukost	Kl. 08.00	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-12.00	Sak 71-79 17-19
Lunsj	Kl. 12.00	
Heimreise	Kl. 12.30 – 13.00	

**Sakliste; sjå neste side.**

## REFERATSAKER

- SAK 57 17-19** Godkjennning av innkalling og sakliste  
**SAK 58 17-19** Godkjennning av protokoll nr. 04 17-19 fra møte i Skikrinsstyret  
**SAK 59 17-19** SFSK Protokoll fra ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018  
**SAK 60 17-19** SFSK AK protokoll nr. 03 17-19  
**SAK 61 17-19** SFSK AK referat Vårmøtet 2018  
**SAK 62 17-19** SFSK AK protokoll nr. 04 17-19  
**SAK 63 17-19** SFSK LK protokoll nr. 02 17-19  
**SAK 64 17-19** SFSK LK referat Vårmøtet 2018  
**SAK 65 17-19** SFSK LK protokoll nr. 03 17-19  
**SAK 66 17-19** SFSK HKK protokoll nr. 03 17-19  
**SAK 67 17-19** SFSK HKK referat Vårmøtet 2018

## RAPPORTERING

- SAK 68 17-19** Rekneskapsrapport pr. 15.08.2018  
**SAK 69 17-19** Samordna søknad og rapportering 2017

## DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 70 17-19** Arbeidsdeling i Sogn og Fjordane Skikrins  
**SAK 71 17-19** SFSK Handlingsplan 2017-2019  
**SAK 72 17-19** Utedagen 2019  
**SAK 73 17-19** Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins  
**SAK 74 17-19** Haustmøtet 2018  
**SAK 75 17-19** Uteståande betalingar til Sogn og Fjordane Skikrins  
**SAK 76 17-19** Sogn og Fjordane-leikane  
**SAK 77 17-19** Ordninga spelemedilar til prepareringsutstyr langrenn

## ORIENTERINGSSAKER

- SAK 78 17-19** Team Veidekke Vest  
**SAK 79 17-19** Vedtak i alpinkomiteen

## EVENTUELTT

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Sjur Håvard Øygard, Oddmund Lefdal

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

## **REFERATSAKER**

### **SAK 57 17-19**

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### **SAK 58 17-19**

#### **Godkjenning av protokoll nr. 04 17-19 fra møte i Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra styremøte nr. 04 17-19 er godkjent elektronisk tidlegare.

Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 04 17-19.

### **SAK 59 17-19**

#### **SFSK Protokoll fra ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018 er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

### **SAK 60 17-19**

#### **SFSK AK protokoll nr. 03 17-19**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 03 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

### **SAK 61 17-19**

#### **SFSK AK referat Vårmøtet 2018**

##### **Bakgrunn**

Referat fra alpinkomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

### **SAK 62 17-19**

#### **SFSK AK protokoll nr. 04 17-19**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 04 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

### **SAK 63 17-19**

#### **SFSK LK protokoll nr. 02 17-19**

##### **Bakgrunn**

Protokoll fra møte nr. 02 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.



SØGN OG FJORDANE  
SKIFERD

**SAK 64 17-19****SFSK LK referat Vårmøtet 2018****Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 65 17-19****SFSK LK protokoll nr. 03 17-19****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 66 17-19****SFSK HKK protokoll nr. 03 17-19****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 67 17-19****SFSK HKK referat Vårmøtet 2018****Bakgrunn**

Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**RAPPORTERING****SAK 68 17-19****Rekneskapsrapport pr. 15.08.2018****Bakgrunn**

Rekneskap pr. 15.08.2018 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 15.08.2018:

<b>SFSK Driftsinnt. totalt</b>	<b>SFSK Driftskost. totalt</b>	<b>SFSK Resultat</b>	<b>SFSK Årsbudsjett</b>
Kr 2 305 671,-	Kr 1 861 398,-	Kr 444 273,-	Kr 0,00
<b>AU Driftsinnt. totalt</b>	<b>AU Driftskost. totalt</b>	<b>AU Resultat</b>	<b>AU Årsbudsjett</b>
Kr 480 619,-	Kr 339 595,-	Kr 141 024,-	Kr 0,00
<b>AK Driftsinnt. totalt</b>	<b>AK Driftskost. totalt</b>	<b>AK Resultat</b>	<b>AK Årsbudsjett</b>
Kr 842 355,-	Kr 780 192,-	Kr 62 163,-	Kr 0,00
<b>HKK Driftsinnt. totalt</b>	<b>HKK Driftskost. totalt</b>	<b>HKK Resultat</b>	<b>HKK Årsbudsjett</b>
Kr 29 660,-	Kr 11 541,-	Kr 18 119,-	Kr 0,00
<b>LK Driftsinnt. totalt</b>	<b>LK Driftskost. totalt</b>	<b>LK Resultat pr.</b>	<b>LK Årsbudsjett</b>
Kr 953 037,-	Kr 730 071,-	Kr 222 966,-	Kr 0,00

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

**SAK 69 17-19**

## **Samordna søknad og rapportering 2017**

### **Bakgrunn**

Samordna søknad og rapportering (tidl. Idrettsregistreringa) gjennomførast i perioden 01.-30. april ved at idrettslag rapporterer nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa danner grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale milder etc.)

Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Av medlemmar i idrettslaget skal følgjande registrerast som aktive i særgruppene/ grein:

- Alle utøvarar, både dei som er aktive innan konkurransar og alle dei som deltek på aktivitetar innan trening, trimaktivitetar, turrenn, karusellrenn etc. som er i regi av idrettslaget eller annan skiaktivitet i regi av idretten.
- Alle som har eit verv eller oppgåve i idrettslaget; t.d. styreverv, komitear og andre valte eller oppnevnte oppgåver – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan t.d. arrangement; tidtakrarar, stadion, løype, kafè, sekretariat, osv.

Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medl. i skigruppene, sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

I 2016 vart det innført ei ny ordning med elektronisk medlemsregistering. Dvs. at alle idrettslag må registrere sine medlemmar i eit godkjent elektronisk medlemsregister. Dette er eit krav som følge av medlemskapet i NIF.

### **Sogn og Fjordane Skikrins – Idrettsregisteringa 2007-2017**

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2007-2017



Fig. 2) Idrettsregistreringa 2017 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins  
aldersgruppa 6-12 år, 2007-2017




Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 13-19 år, 2007-2017





Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år samanlikna med aldersgruppa 13-19 år



## VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

### SAK 70 17-19

#### Arbeidsdeling i Sogn og Fjordane Skikrins

##### Bakgrunn

Skikrinsstyret drøftar rammene for arbeidsdeling i organisasjonen.

Skikrinsstyret gjorde m.a. følgjande vedtak om rammene i sak 08 17-19:

- Ein skal legge til rette ei for ei tydeleg arbeidsdeling i organisasjonen

## Framlegg til VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak for arbeidsdeling i organisasjonen;

- Styreleiar sine hovudoppgåver er avklara.
- Arbeidsdeling på hovudoppgåver for Skikrinsstyret elles:
  - oppfølging anlegg: Hallvard N.
  - oppfølging marknad: Tonje T.
  - oppfølging klubbutvikling: Margot Å.
  - oppfølging av grein: GK-leiarar
- Skikrinsstyret samhandlar med administrasjon om hovudoppgåvene slik;
  - ærleg og god dialog
  - gir svar tilbake til adm. på førespurnad
  - halde fristar frå adm.
- Greinkomiteane:
  - har ansvar for aktiviteten i si grein
  - tek initiativ for sine aktivitetar
  - GK-leiar rapporterer til Skikrinsstyret og bør gjere ei arbeidsdeling internt i komiteen
- Elles er SFSK si lov styrande for ansvar og oppgåver i organisasjonen.
- I tillegg er vedtak om ansvar for tiltak i SFSK sin handlingsplan retningsgivande for arbeidsdeling i organisasjonen.

### SAK 71 17-19

#### SFSK Handlingsplan 2017-2019

##### Bakgrunn

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### SAK 72 17-19

#### Utedagen 2019

##### Bakgrunn

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 48 17-19 om å vidareutvikle prosjektet «Ski i Skulen» i høve til innhaldet i skulane sine tradisjonelle skidagar.

I tråd med drøftingar i Skikrinsstyret vart det utarbeidd og sendt ein prosjektsøknad til Sparebankstiftinga der ein sökte om støtte på kr. 130 000,- til prosjektet Utedagen 2019. Søknaden fekk avslag.

Vidareføringa av prosjektet vinteren 2019 noko usikker, m.a. fordi finansieringa er avhengig av ein ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt gåvemidlar.

Adm. var i møte med Sogn og Fjordane idrettskrins 13. februar 2018 om ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, og i etterkant vart prosjektsøknad sendt fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har ikkje gitt svar på søknad og tilbakemelding er blitt etterspurt via idrettskrinsen.

Skikrinsstyret drøfta i møtet om ein skal söke andre om støtte.

Rapport for prosjektet Ski i Skulen 2018 vart presentert i møtet. Rapporten er ikkje sendt mottakarane.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å söke Gjensidigestiftelsen og gåvemedilar i Sparebanken Vest.

Adm. følgjer opp Sogn og Fjordane idrettskrins om status på utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### **SAK 73 17-19**

#### **Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins**

##### **Bakgrunn**

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

<b>Verksemد</b>	<b>Grein</b>	<b>Går ut</b>	<b>Status</b>
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen		Møte med SOFIK 13. februar 2018. I prosess.
AVIS Bilutleige	AU	2018	Avtalen går ut 31.08.2018. Reforhandling haust 2018.
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen vart ikkje fornya.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020).
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale reforhandla i 2018.
SFE	Hopp/ langrenn	2019	Avtale reforhandla i 2017.
COOP Vest SA	Alpint	2018	Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018.
Fjord1	Alpint	2018	Avtalen går ut 01.09.2018. Er i reforhandling.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Eksisterande avtale går ut 31.12.2018. Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2021).
Frydenbø Bilsenter AS	Alpint	2017	Avtalen vart ikkje fornya. Er i forhandling med ny samarbeidspart.

I sak 12 17-19 vart gjort følgjande ansvarsdeling av Skikrinsstyret:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- ByggTeam, ansv.: Adm.
- G-Sport/ Erdal Sport AS, ansv.: Adm.
- Frydenbø Bilsenter AS, ansv.: Atle H.
- Fjord1, ansv.: Atle H. Tonje N. og adm.
- Sparebanken Vest, ansv.: Atle H. og adm.

## **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer følgjande ansvarsdeling:

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- 2) Ny samarbeidsavtale alpint, ansv.: AK + Adm.
- 3) Fjord1, ansv.: Atle H. og adm.
- 4) Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.
- 5) AVIS Bilutleige, ansv.: Adm.

### **SAK 74 17-19**

#### **Haustmøtet 2018**

##### **Bakgrunn**

Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført laurdag 27. oktober på «Idrettens Møteplass» i Sogndal v/ Fosshaugane Campus.

Programmet blir likt som i 2017:

Kl. 09.30-10.00	Registrering, kaffi
Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins - alpint - langrenn - hopp og kombinert - telemark/ randonee

Parallelt vert det planlagt ei tverridrettsleg treningssamling for aldersgruppa 12-16 år (f. 2002-2006).

## **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak til saker til fellesdelen for Haustmøtet:

- presentasjon Sogn og Fjordane-leikane
- aktuelt tema anlegg

### **SAK 75 17-19**

#### **Uteståande betalingar til Sogn og Fjordane Skikrins**

##### **Bakgrunn**

Adm. må bruke tidvis mykje tid på purring av uteståande betalingar til skikrinsen. Dette gjeld særleg faktura til enkeltpersonar som deltek på aktivitet i regi av skikrinsen.

Skikrinsstyret drøfta saka prinsipielt i møtet og kva retningslinjer ein skal nytte. Adm. presenterte framlegg til rutinar for purring og evt. inkasso.

## **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak:

- 1) Adm. utarbeider faste rutinar for purring og evt. inkasso.
- 2) Etter 1. purring på betaling må denne vere betalt før vedkommande får melde seg på ny aktivitet i regi av skikrinsen.
- 3) 2. purring blir sendt som inkassovarsel.  
Deretter blir det sendt til inkasso.

**SAK 76 17-19****Sogn og Fjordane-leikane****Bakgrunn**

Skikrinsstyret skal legge føringar for implementering av nye arrangementkonsept (som t.d. skicross, «Sogn og Fjordane-leikane» treningshelg) i greinkomiteane sine terminlister, jf. tiltak i SFSK Handlingsplan 2017-2019.

Tonje T. presenterte konseptet Sogn og Fjordane-leikane i møtet.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 15. desember 2018.

Greinkomiteane legg til rette for treningssamling søndag 16. desember 2018 same stad.

Tonje T. og adm. jobbar vidare med arrangementkonseptet.

**SAK 77 17-19****Ordninga spelemedilar til prepareringsutstyr langrenn****Bakgrunn**

Ordning spelemedilar til utstyr har søknadsfrist i oktober (dato ikkje fastsett for 2018).

I høve til Norges Skiforbund si vidare handsaming av søknadane skal respektive skikretsar utføre prioritering frå 1-3 på søknader på prepareringsutstyr for langrenn. Det er Anleggskomiteen som skal utarbeide framlegg til prioritering, før denne vert endeleg handsama av Skikrinsstyret.

Skikretsane har kort frist for innstilling til Norges Skiforbund på søknadane, og Anleggskomiteen ynskjer ha kriteria for prioritering klar på førehand.

Informasjon om ordninga finn ein følgjande lenke (under spelemedilar til utstyr): <https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/stotteordninger/>

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**ORIENTERINGSSAKER****SAK 78 17-19****Team Veidekke Vest****Bakgrunn**

Agder og Rogaland Skikrets, Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins inngjekk i 2015 eit samarbeid om Team Veidekke Vest (TVV).

TVV er eit treningsfellesskap der partane skal samarbeide om ein felles spissa satsing for dei aller beste senior langrennsløparane i regionen. TVV har som mål å utvikle løparar til landslagsnivå og vere eitt av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigaste rekrutteringsmiljø.

LK-leiar er SFSK sin representant i styringsgruppa.

Avtalen forplikter alle parter økonomisk og juridisk.

Kvar av partane stiller kr 100.000 som garanti for laget si drift. Dette beløpet fakturerast ikkje utan særskilt vedtak i styringsgruppa. Garantibeløpet er ein «siste utveg». Andre aktuelle finansieringsmåtar skal prioriterast.

I forslag til budsjett pr. juni 2018 har styringsgruppa budsjettert med minus for sesongen 2018-2019 for å få eit godt nok sportsleg opplegg for. Vidare har leiar av styringsgruppa bedt styringsgruppa om at det skal signaliserast til kretsane at delar av garantien på kr. 100.000 per krets vil måtte utløysast kommande sesong.

LK-leiar og styreleiar informerte om status på møtet.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **SAK 79 17-19**

#### **Vedtak i alpinkomiteen**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak 22.06.2018:

*Alpinkomiteen (AK) har teke ei investering i fellesutstyr til bruk på samlingar og trening i 2018 på kr. 70 300,-, men ynskjer ikkje at dette skal gå utover aktiviteten AK legg til rette for. Dersom AK går med underskot i 2018 dekkast underskotet inn med oppspart eigenkapital. (Overskot i 2017 for AK var på kr. 91 102,-. Oppspart eigenkapital for AK var pr. 01.01.2018 kr. 279 194,-.)*

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **EVENTUELTT**

#### **Neste møte i Skikrinsstyret;**

Måndag 03. desember, Skei

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Leiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef